

---

**Fra:** fmvipost@fylkesmannen.no  
**Sendt:** tirsdag 29. januar 2019 13:58  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Miljøfagleg kommentar - Søknad om nydyrking  
- Radøy kommune - gbnr. 36/9 - Helland - Jon  
Olav Helland

Vi viser til søknad om nydyrking på gnr. 36 bnr 9 i Radøy kommune.

Kommunen opplyser at de vurderer å gje løyve til tiltaket. Når det skal gjerast vedtak om dette må tiltaket først vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 (jf naturmangfaldlova sin § 7). Det aktuelle arealet er definert som myr og dette er eit moment som må drøftast når saka skal vurderast etter desse prinsippa.

Vi har diverre ikkje ei fullstendig kartlegging av myr-naturtypar i Hordaland, og det må vurderast om den myra som ein no søkjer om å få dyrke opp deler av kan ha miljøverdiar knytt til seg, sjølv om dette ikkje er registrert i naturbase.

Av DN-handbok 13, som ligg til grunn for denne kartlegginga, ser vi at dette kan karakteriserast som ei kystmyr. Intakt kystmyr i boreonemoral sone eller i det intensivt drivne jordbrukslandskap, med ein storleik på over 50 daa skal verdsettast som «svært viktig», eller som ein naturtype med A-verdi.

Slik det ser ut av søknaden (litt sparsomt med detaljar i kartet), er i alle fall deler av areala som søkast oppdyrka del av eit større myrsystem, som er langt meir enn 50 daa totalt. Dette må takast med i vurderinga når saka skal handsamast etter Naturmangfaldlova.

I tillegg er det verdt å nemne at Stortinget har bedt regjeringa fremme forslag om forbod mot nydyrking av myr og eit slikt forslag har ligge ute til høyring.